



Helge Haglund
Synningavegen 3 E
5259 HJELLESTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3466 - 18/35882

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2018

Løyve til forlenga bruk av mellombels anleggsveg - gbnr 58/95 Lygra indre

Administrativt vedtak. Saknr: 649/18

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Helge Haglund

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om forlenga bruk av mellombels anleggsveg etablert i samband med hyttebygging. Lindås kommune ga 10.11.2016 løyve til etablering av mellombels anleggsveg for en periode på 2 år. Det vert elles vist til søknad motteken 13.11.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.11.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert hytteområde Buskneset, på areal regulert til landbruksområde. Planen tillet opparbeiding av gangsti, men ikkje kjøreveg fram til hyttene.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket går fram av situasjonsplan datert 18.10.2016 og vedtak datert 10.11.2016.

VURDERING



Kommunen legg til grunn kommunal- og moderniseringsdepartmentet sin tolkingsuttale 18.05.2011 og konkluderer med at mellombels tiltak inntil 2 år kan tillatast utan dispensasjon frå reguleringsplanen under visse føresetnader. I ein anleggsperiode vil ikkje vegen vera meir til sjenanse enn annleggsarbeidet på tomta. Etterpå skal vegen reduserast til gangsti med breidde 1,2 m og terrenget skal tilbakeførast sik at at det ikkje vert varige vesentlege terrengingrep.

Privatrettslege tilhøve

Eigar av gbnr 58/4 har gjeve skriftleg samtykke til etablering av vegen.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarsrett og tiltaksklasse er gjort greie for i løyve frå 2016.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til forlenga bruk av mellombels anleggsveg på følgjande vilkår:

1. Før det vert gjeve ferdigattest for hyttene og seinast innan to år skal vegen arbeidast om til gangsti med breidde 1,20 meter og terrenget skal tilbakeførast mest mogleg.
2. Det skal sendast skriftleg tilbakemelding med fotodokumentasjon når anleggsvegen er omarbeidd til gangsti og tilbakeføring av terreng er utført. Frist for dette er 29.11.2020.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3466

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:
Helge Haglund

Synningavegen 3 E 5259

HJELLESTAD